




Skjåk kommune

Alkohol- og ruspolitisk handlingsplan 2025 - 2030



Innholdsliste

Innleiing.....	4
Bakgrunn	4
Folkehelse.....	4
Alkoholpolitikk og mål	5
Rapport frå Folkehelseinstituttet (2018):.....	6
Alkoholforbruk i Noreg	7
Vaksne i Noreg.....	7
Ungdom i Noreg og i Skjåk.....	8
Ungdom i Skjåk.....	9
Kjelder:	9
Kommunal alkohol- og ruspolitisk handlingsplan.....	10
1. Rammer for planen.....	10
1.1 Vurdering.....	10
1.2 Mål.....	10
1.3 Tiltak for å redusere uheldige skadeverknadar	11
2. Løyveperiode	11
3. Sal og skjenking	11
3.1 Definisjon av sal og skjenking	11
3.2 Kommunens vurdering ved handsaming av søknad om sal eller skjenking.....	12
3.3 Retningslinjer for bevilling av skjenkeløyve.....	12
3.4 Tidsinnskrenking for skjenking	13
3.5 Ambulerande skjenkeløyve	13
3.6 Skjenkeløyve for einskilde høve	14
3.7 Salsløyve	14
4. Kontroll og inndraging	14
4.1 Kontroll og inndraging av bevilling	14
4.2 Inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	15
4.3 Prikkssystemet: Alkoholforskrifta §10-3	16
4.4 Inndraging av bevilling som ikkje er i bruk	17
4.5 Internkontroll	17
5. Sals- og skjenkeavgift	18
5.1 Forskrift §6-1	18
5.2 Forskrift §6-2	18
5.3 Forskrift §6-3	18

5.4 Einskilde høve	19
6. Løyve for sal og skjenking §1-7	19
6.1 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve	19
6.2 Mottak av søknad om generelt løyve	20
6.3 Vurdering av søknad	20
6.4 Vedtak	20

Innleiing

Bakgrunn

Etter alkoholova §1-7d er kommunen pålagt å utarbeide ein rusmiddelpolitisk handlingsplan som skal rullerast kvart fjerde år, seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltreier. Denne planen erstattar Interkommunal alkoholpolitisk handlingsplan. Den var sist behandla i Skjåk kommunestyre i juni 2016. I planen set kommunen mål og strategiar for ruspolitikken i kommunen. Ruspolitisk handlingsplan gjev grunnlag for å fastsette retningslinjer for sals- og skjenkeløyve. Planen skal vedtakast slik at løyver blir fornya innan 30. september året etter at kommunestyret vert vald. Handlingsplanen bør evaluerast og reviderast i kvar kommunestyreperiode, for å sikre at handlingsplanen er oppdatert og i tråd med gjeldande lovverk og Skjåk kommune si samfunnsutvikling.

Alkoholova §1-7 gjev kommunen pålegg om å utarbeide ein ruspolitisk handlingsplan. Planen skal vere retningsgjevande både for administrasjon ved førebuing av saker til politisk handsaming, og ved avgjerd om sals- og skjenkeløyve.

I 2004 la departementet til grunn at den ruspolitiske handlingsplanen skal vere eit sentralt instrument for å sikre heilskapleg behandling av ruspolitiske spørsmål. Det er anbefalt at dei retningslinjene kommunane ønskjer å legge til grunn for å innvilge sals- og skjenkebevillingar tas inn i planen, og at denne tek i vare rusrelaterte folkehelseutfordringar. Ved revisjon av alkoholova i 2015 vart kravet til ein handlingsplan forsterka for kommunar som nyttar anledninga til forenkla saksbehandling ved vidareføring av skjenkebevillingar. Lovgivar anbefalar såleis at kommunane utformar ein plan, som ser på samfunnsmessige og individuelle skader av rusmiddel i eit folkehelseperspektiv. Alternativt som eit ledd i ein overordna rusmiddelpolitisk handlingsplan. Ruspolitisk handlingsplan tek utgangspunkt i kommunens ansvar etter alkoholova. Lovens formålsparagraf formulerer myndigheitenes overordna mål: "Reguleringa av innføring og omsetning av alkoholhaldig drikk etter denne lov har som mål å avgrense i størst mogleg utstrekning dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføre. Som eit ledd i dette sikter lova på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer". Norge har vidare forplikta seg til WHO sitt mål om å redusere omfanget av skadeleg alkoholbruk med 10 prosent innan 2025. Ruskonsum og tilgjengelegheit heng tett saman. (Kjelde: Korus Øst)

Folkehelse

Folkehelselova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemyndigheiter set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Bruk av rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for helsetap og tidleg død i befolkninga. Både bruk og misbruk av rusmiddel har store sosiale og samfunnsmessige kostnader. Over 80 % av den vaksne befolkninga oppgjev å ha drukke alkohol siste år. Sjølv om bruken gjerne blir assosiert med velvære, og majoriteten av befolkninga har eit uproblematisk forbruk av alkohol, forårsakar alkoholbruk betydelege problem. Når det i ein befolkning blir brukt meir alkohol, aukar risikoen. Risikobruk er ikkje eit eintydig omgrep, men som ein tommelfingerregel kan vi seie at ei eining alkohol om dagen er for mykje i snitt, og fem einingar er for mange ved ei drikkehøve. Forsking viser at ved hyppig bruk aukar risikoen for å utvikle ei rekke sjukdomar. Førekomen av vald og skadar har ofte samanheng med høg rus. Det er mellom anna synt til at talet på valdshendingar variera avhengig av skjenketidsslutt i helgene. Det er dokumentert ein

klar samanheng mellom rus og vald i heimen. I langt over halvparten av meldte valdshendingane i Noreg er offer og/eller utøvar ruspåverka. Folkehelseinstituttet oppdaterer regelmessig status for landet, og «rusbrukslidingar i Noreg». Oversiktene syner at konsumet av alkohol har auka sidan tidleg på 90-talet og fram til rundt 2010, for så å bli noko mindre. Auka er i stor grad knytt til konsum av vin, og at det er kvinner og eldre som drikk meir enn tidlegare. Kombinasjonen større del eldre i befolkninga og høgare alkoholkonsum blant eldre er ei folkehelseutfordring. Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje som kvinner. Samanlikna med andre land drikk nordmenn mindre alkohol, men vi drikk mykje når vi drikk. I Noreg er rus akseptert og gjerne forventa. Bruk av alkohol blant ungdomsskuleelevar er redusert år for år sidan 2000, men ungdommen drikk også mykje når dei drikk. Ifølgje den nasjonale Ungdata-rapporten frå 2018 har nedgangen stoppa opp, og det har vore ein viss auke på vidaregåande skule. Folkehelselova pålegg kommunen å ha oversikt over faktorar som påverkar folkehelsa, deriblant rusproblem. Kommunane har lokale salstal, tal frå Ungdata og BrukarPlan, som når undersøkingane blir gjort regelmessig, gir gode indikasjonar på tilstanden og endringar som skjer. Lokal kunnskap er avgjerande for å treffe gode slutningar. I denne samanhengen er det viktig å sjå alkoholpolitikken frå barnet si side. Barn føler seg ukomfortable og utrygge når vaksne er rusa. Det gjeld både pårørande og nærstående, men også i forhold til framande. Mange barn opplev ubehag eller krenkingar dei skal vere forutan. Ungdom uttaler seg gjennomgåande negativt til å skulle konfronterast med rusa vaksne. Å gi beskyttelse til barn er sentralt i det førebyggjande arbeidet. Vi må spørje oss kor mykje alkohol barnet toler, og sørge for at barnet sine interesser blir ivaretatt. (Kjelde: Korus Øst)

Alkoholpolitikk og mål

Under handsaminga av «Folkehelsemeldingen- Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar» i 2023, plikta Stortinget seg til WHO sitt mål om å redusere omfanget av skadeleg alkoholbruk med 20 prosent innan 2030, målt frå nivået i 2010. Målt i omsetnad er målet å koma ned til om lag 5,3 liter pr person over 16 år. For å nå dette målet må kommunane arbeide mot same mål.

Målet med alkoholpolitikken er å fremja alkohollova sitt føremål, redusere dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan føre med seg, samt å bidra til å avgrense tilgang og forbruk av alkoholhaldig drikk, eller lette kontrollen av skjenkestader.

Folkehelsearbeid og planlegging etter plan- og bygningsloven er eit av dei viktigaste verkemidlane folkevalde orger i kommunar og fylker har for å fremje ei ønskja samfunnsutvikling med utgangspunkt i kommunens moglegheiter og utfordringar. I alkohollova er det eit mål å ta i vare kryssande omsyn og at både folkehelsemessige og næringspolitiske interesser blir vektlaagd i tildelingspolitikken. I lovas formålsparagraf presiserast det at folkehelseperspektivet og andre ruspolitiske omsyn skal vektleggast tyngre enn næringspolitiske omsyn. Rusmidlar er ingen ordinær vare. Føremålet med den ruspolitiske handlingsplanen er å ta i vare befolkningas folkehelse ved å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som bruk av alkohol og rusmidlar kan innebære. I planen vurderast gevinstar og kostnadar ved ulike faktorar opp mot kvarandre. I vurderinga vil positive effektar av ein god utelivsnæring, som arbeidsplassar og sosiale møteplassar vere naturleg. Planen skal gjeva utelivsnæringa gode og føreseielege rammer som trygger og stimulerer til eit trygt, kompetent og variert uteliv med høg kvalitet. Beskyttelse av barn og unge er særleg viktig i denne samanheng. Alle tiltak og føringar i planen skal målast mot dette føremålet. Eit viktig verkemiddel er kommunens forvaltning av sals – og skjenkebestemmingane. Dei mest effektive tiltaka er dei regulatoriske verkemidlane. Dette omfattar mellom anna kontroll med omsetnad og skjenking, handheving av aldersgrenser og tidsavgrensingar. Vilkår knytt til kunnskap om alkohollova blant tilsette og friviljuge som skjenker alkohol, og bevisstheit om verdien av alkoholfrie arenaer

generelt, og der barn ferdes spesielt har stor betydning. I denne samanheng er skjenking knytt til arrangement ein utfordring. Spesielt der festivalar og idrettsarrangement har familiar og ungdom som målgruppe. Det er til dømes viktig med tydelegare rammer rundt russens arrangement. Samarbeid mellom kommune, politi og skjenkenæring, skaper felles kunnskapsgrunnlag og forståing. Saman med andre aktørar, som handel og kulturliv, kan alkoholpolitikken bidra til ein kommunal/regional policy.

Rapport frå Folkehelseinstituttet (2018):

- *Alkoholbruk er ein av dei viktigaste risikofaktorane for tap av friske leveår i befolkninga, og er i tillegg årsak til sosiale problem og skader for andre enn brukaren sjølv.*
- *Både eit høgt alkoholinntak per gang og eit høgt alkoholinntak over tid aukar risiko for ein lang rekke helseproblem og sosiale problem, også for andre enn brukaren sjølv.*
- *Totalkonsumet av alkohol i befolkninga heng tett saman med delen som har eit risikofyllt høgt konsum og med omfanget av alkoholrelaterte problem.*
- *Dei mest effektive tiltaka for å avgrense alkoholkonsumet og skadeomfanget er høge alkoholpriser og tilgjengelighetsavgrensingar.*


I tillegg vil negative konsekvensar av alkoholbruk for andre enn konsumenten kunne vere:

- *Foreldres alkoholbruk kan påverke barn negativt – i fosterstadiet og under oppveksten.*
- *Arbeidstakar sitt alkoholbruk kan mellom anna føre til auka sjukefråvær og nedsett yteevne. Førekomen av slike konsekvensar varierer betydeleg, med høgare førekomen i einskilde bransjar (t.d. servering, media, forskning og IT), og blant mannlege og yngre arbeidstakarar.*
- *Befolkningsundersøkingar gjev innblikk i kor breitt spekteret av negative følger av alkoholbruk er for andre enn den som drikk, og syner at mindre alvorlege konsekvensar (t.d. støy frå rusa personar) er meir vanleg enn meir alvorlege konsekvensar (t.d. vald).*

"Å drikke alkohol, sjølv i små mengder, aukar risikoen for ei rekke helseskadar, mellom anna kreft og hjarte- og karsjukdommar." Helsedirektoratet (2023)


Alkoholforbruk i Noreg

Vaksne i Noreg



Figur 1: Andel (%) som har druck alkohol, som har druck 6+ alkoholenheter ved en og samme drikkesituasjon og gjennomsnittsfrekvens for alkoholbruk og 6+ alkoholenheter, siste 12 mnd.


Kjelde: Folkehelseinstituttet 2023, Nasjonale tal



Figur 4: Alkoholbruk siste 4 uker fordelt på drikkesort blant kvinner og menn, cl ren alkohol, 2023 (N=2123).

Kjelde: Folkehelseinstituttet 2023, nasjonale tal

Ungdom i Noreg og i Skjåk



Figur 1. Andel norske 15-16-åringer som oppga å ha drukket alkohol noen gang, siste 12 måneder og siste 30 dager, 1995-2019.

Kjelde: Folkehelseinstituttet 2023, nasjonale tal

Tabell 2. Prosentandel 15-16-åringer som hadde vært full/beruset noen gang, i løpet av de siste 12 månedene, og i løpet av de siste 30 dagene, 2007-2019.


	2007	2011	2015	2019
Noen gang	46	37	25	23
Siste 12 mnd.	41	32	21	19
Siste 30 dager	21	15	9	8

Kjelde: Folkehelseinstituttet 2023, nasjonale tal

Ungdom i Skjåk


Tidstrend i Skjåk kommune.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året




Kjelde: Ungdata

Prosentdel som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året. Blant gutar og jenter



Prosentdel som får lov av foreldra/dei føresette til å drikke alkohol. Blant gutar og jenter



Kjelde: Ungdata

Kjelder:

[Norsk helseinformatikk: Alkohol som risikofaktor for sykdom](#)

[Folkehelseinstituttet: Alkohol i Norge](#)

[Helsedirektoratet: Sosial ulikhet i alkoholbruk og alkoholrelatert sykkelighet og dødelighet](#)

[Korus Øst, innspel til kommunal alkoholpolitisk handlingsplan ref. 2020/400](#)

Kommunal alkohol- og ruspolitisk handlingsplan

1. Rammer for planen

"Alkoholoven pålegger kommunene å utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan (jf. §1-7 d). En god alkoholpolitisk handlingsplan kan bidra til at kommunen når sine folkehelsemål. Planen kan stå alene, være del av kommunens rusmiddelpolitiske plan eller innarbeides i andre kommunale planer. Planen bør behandles i hver kommunestyreperiode. Gjennom sin rolle som bevillings- og kontrollmyndighet for kommunale salgs- og skjenkebevillinger har kommunene et betydelig handlingsrom for å regulere tilgang til alkohol, og hvilken type næring det er ønskelig å legge til rette for i kommunen. Alkoholoven gir ingen direkte anvisninger på hva handlingsplanen skal inneholde, men det er anbefalt at den i alle fall angir kommunens alkoholpolitiske mål og strategier, samt virkemidlene som skal tas i bruk for å nå målene." ([Helsedirektoratet](#))

Skjåk kommune har tidlegare vedteke å følgje den regionale Alkoholpolitiske handlingsplanen, som sist var revidert i 2018. Sidan det har den ikkje vore revidert. Det blir difor lagt fram ein eigen plan for Skjåk kommune. Retningslinene i denne planen er ikkje endra i forhold til tidlegare plan, men oppdaterte ut frå sentral lov, forskrift og eventuelle lokale vedtak.

1.1 Vurdering

Alkoholbruken blant ungdom på landsbasis syner teikn på nedgang frå 1995 fram til 2019, men dei siste tala tyder på ein oppgang att. Det er ikkje målingar i Skjåk frå før 2015. Her syner ikkje tala same utvikling fram til 2024, målt ut frå kva ungdom på ungdomssteget sjølve seier. Ungdommane i Skjåk oppgjer at over 1/3 har vore rusa på alkohol det siste året. Det er langt over landssnittet.

Det er tal som syner at det er mange ungdommar i Skjåk som seier dei opplev at foreldre gjev dei lov til å drikke alkohol. (Kjelde: Ungdata) Talet i Skjåk er betydeleg høgare enn frå andre kommunar rundt oss, og i landet elles. Når ein ser at alkoholvanar etablerer seg tidleg, er dette alvorleg. Kommunen har eit betydeleg ansvar, og har fridom til å utforme eigen lokal alkoholpolitikk. Alkohollova gjev lokalpolitisk handlingsrom til å kunne påverke bruk av lovlege rusmiddel i lokalsamfunnet. Utgangspunktet for alkohollova er at all bruk av alkohol kan føre til skade – både for individet sjølv og for samfunnet. Grunnlaget i lova er tufta på at auka totalforbruk av alkohol gjev auka skadeverknadar.

1.2 Mål

Alkohol- og ruspolitisk plan må ha ein målsetnad om å redusere skadeverknadane alkoholforbruk kan påføre den einskilde, familien deira og samfunnet, jamfør overordna nasjonale målsetjingar.

Alkohollova §1-1 har som føremål:

«Regulering av innføring og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholforbruk kan medføre. Som ledd i dette sikter loven på å avgrense forbruk av alkoholholdige drikkevarer».

1.3 Tiltak for å redusere uheldige skadeverknadar

Det er mykje som tyder på at det vil krevja eit breitt tverfageleg arbeid over lang tid for å endre ein haldningar og kultur i eit lokalsamfunn som fremjar ein uheldig situasjon for born og unge.

- Det må leggjast vekt på informasjon og haldningsskapande arbeid, bevisstgjerings på skadeverknadar og ikkje minst vil det vere viktig å få vaksne til å bidra til at ungdom ikkje byrjar med alkohol eller andre rusmiddel. Dette kan ein arbeide med gjennom til dømes informasjonskampanjar på skule, arbeidsplassar og i samfunnet elles.
- Styrke ferdigheiter i livsmeistring, stressmeistring og sosial kompetanse, noko som vil redusere faren for rusmisbruk.
- Skjåk kommune bør legge til rette for rusfrie møteplassar og arrangement for ungdom, og planlegge for at generasjonar kan møtast i eit rusfritt miljø.
- Skjåk kommune bør legge til rette for lett tilgjengelege lågterskeltilbod til dei som er i ferd med å utvikle eit problem.
- Skjåk kommune bør arbeide for å redusere skam og stigmatisering slik at fleire vil søke hjelp tidleg.
- Skjåk kommune bør styrke og etablere eit godt tverrfagleg samarbeid som involverer helsetenestene, skule, politi, frivillige organisasjonar og samfunnet generelt i å førebygge og behandle rusproblem.
- Skjåk kommune må sikre at kontroll med skjenke- og salsvilkåra blir fylgt, og at brot på desse får konsekvensar.

2. Løyveperiode

"Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning." Alkohollova §1-6.

Kommunestyret skal handsame generelt løyve til sal og skjenking som omfattar alkoholhaldig drikk for gruppe 1,2 og 3. Formannskapet har delegert mynde til å handsame sal- og skjenkeløyve i løyveperioden. Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjeva løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk ved einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve.

3. Sal og skjenking

3.1 Definisjon av sal og skjenking

«Med sal forstås overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet. Med skjenking forstås salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilleggelser.»

3.2 Kommunens vurdering ved handsaming av søknad om sal eller skjenking

Alkoholova inneheld få særreglar om sakshandsaming. I utgangspunktet gjeld Forvaltningslova sine reglar både med omsyn til plikt om utgreiing jamfør §17, samt grunnlag for avgjerd jamfør §24. Forvaltningslova §24 om at avgjerd i sal- og skjenkesaker må grunngjevast er viktig, då vedtak kan klagast på eller i høve eventuell prøving i domstolane. Ulik handsaming av sal- og skjenkeløyve skal vere sakleg grunngjeve.

Alkoholova opnar for variasjonar mellom kommunane. Det er kommunestyret som tek stilling til avgrensingar i tal sal- eller skjenkeløyve, både utifrå ruspolitiske og andre omsyn. Sjølv utan å fastsette tal sals- eller skjenkeløyve har kommunestyret rett til å differensiere mellom ulike søknadar.

Avgrensingar i tal salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 vil kunne ha betydning for konkurransetilhøva mellom butikkane. Dette gjeld tap av fortjeneste av omsetnaden for alkoholhaldig drikk gruppe 1, og anna handel som ei følgje av at einskilde butikkar får løyve til å selje rusmiddel.

Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan gjevast til butikkar der alkoholhaldig drikk gruppe 1 høver inn i varespekteret, dette er særleg daglegvarebutikkar. Det kan ikkje gjevast løyve til bensinstasjonar og kioskar jamfør forskrift av 11.desember 1997 nr 1292 §3-4.

Skjåk kommune har ikkje avgrensingar i sal- og skjenkeløyve.

3.3 Retningslinjer for bevilling av skjenkeløyve

- Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan gjevast til hotell, pensjonat, restaurantar, kafé/pub/diskotek, samt i fellesrom i bu- og servicesenter/sjukeheimar.
- Skjenkeløyve kan gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og gruppe 3.
- Utandørs serveringsareal kan få innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og gruppe 3.
- Utandørs serveringsareal skal vere avgrensa med fysisk sperring, og avskjerma i høve trafikk og tryggleik.
- Det skal ikkje gjevast generelt løyve til serveringsstadar som er særskilt retta mot ungdom under 18 år, skule- og undervisningsbygg eller lokale som er tiltenkt idretts- eller mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom – samstundes som slik aktivitet går føre seg.

3.4 Tidsinnskrenking for skjenking

Alkohollova §4-4 seier:

«Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av annan alkoholhaldig drikk kan skje frå kl. 08.00 til 01.00. Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd. Fastsett skjenketid kan utvides for en enkelt anledning. Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl. 03.00 og 13.00. Skjenking av annan alkoholholdig drikk er forbudt mellom kl. 03.00 og 06.00. Tiden for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan ikke fastsettes utover den tid det kan skjenkes annan alkoholholdig drikk. Konsum av utskjenket alkoholholdig drikk må opphøre senest 30 minutter etter skjenketidens utløp. På overnattingssteder kan det skjenkes alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester uten hensyn til begrensningene i denne paragraf»

I Skjåk kommune har ein følgjande skjenketider:

- Alkoholhaldig drikk i klasse 1 og 2 kan skjenkast mellom kl. 08.00 og 02.00 alle dagar.
- Alkoholhaldig drikk i klasse 3 kan skjenkast mellom kl. 13.00 og 02.00 alle dagar.
- For avgrensa uteområde kan det frå måndag til sundag for gruppe 1 og 2 skjenkast kl. 12.00 – 02.00 og i gruppe 3 kl. 13.00 – 02.00
- For stadar som har ambulerande skjenkeløyve/skjenkeløyve for einskilde høve kan skjenke alkoholhaldig drikk i klasse 1 og 2 mellom kl. 08.00 og 02.00 og klasse 3 mellom kl. 13.00 og 02.00
- Kommunestyret kan fastsetje anna skjenketid for den einskilde skjenkestad eller for heile kommunen.

Gruppe	Drikk som inneholder (volumprosent alkohol)		Eksempel
1	Over 2,5	Til og med 4,7	Øl, rusbrus, cider
2	Over 4,7	Til og med 22	Sterkøl, vin
3	Over 22	Til og med 60	Brennevin

3.5 Ambulerande skjenkeløyve

Kommunestyret fastset tal ambulerande skjenkeløyve. Skjåk har to ambulerande skjenkeløyve. Ambulerande skjenkeløyve er ikkje knytt til ein bestemt person eller skjenkestad og gjeld berre skjenking i slutta lag. Med slutta lag meinast det at det allereie, og før skjenkinga starta, er danna ein slutta krets av bestemte personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale på skjenkestaden. Det er ein slutta krets av personar der utanforståande ikkje kan komme inn, og ein må ha tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein skriv seg på ei liste eller kjøper billetter.

Ein treng ikkje bevilling i reint private arrangement som bryllaup, bursdagsselskap eller andre jubileum dersom ein ikkje tek betaling for den alkoholhaldige drikken. Grunneigar/eigar må vere einig i at det kan skjenkast alkohol på staden. Bruk av telt må godkjennast av teknisk driftseining. Lensmann og kontrollør skal ha kopi av løyve ved ambulerande skjenking. Økonomiavdelinga skal ha kopi av løyve for utsending av faktura.

3.6 Skjenkeløyve for einskilde høve

Gjeld løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk klasse 1,2 og 3 for einskilde høve ved arrangement på stadar utan alminneleg løyve. Med einskild høve meiner ein særskilt arrangement med definert tidsavgrensing og for ein kort periode slik som dansefestar, konsertar og liknande.

Grunneigar/eigar må vere einig i at det kan skjenkast alkohol på staden. Bruk av telt må godkjennast av teknisk driftseining. Kommunen må vurdere om ein skal hente inn uttale frå politiet og/ eller Nav før slike løyve vert gjevne.

3.7 Salsløyve

Før formannskap/kommunestyre gjer endeleg vedtak, skal søkjar ha rett til å uttale seg om faktaopplysningane i saka dersom desse ikkje er kjende for vedkommande på førehand.

Ny salstid vert gjort gjeldande 3 månader etter at vedtaket er gjort, dersom det er gjort til ugunst for den vedtaket rettar seg mot. Det skal vere høve for løyvehavarane å kome med uttale som skal leggjast fram for formannskap/kommunestyre før endeleg avgjerd vert gjort.

Skjåk kommune har slik salstid for alkoholholdig drikk gruppe 1:

- 08.00 – 20.00 på kvardagar
- 08.00 – 18.00 på dagar før sundagar og helgedagar
- 08.00 – 20.00 dagen før Kristi Himmelfartsdag
- 08.00 – 15.00 påske, pinse, jule- og nyttårsaftan
- Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er dekkja til/ikkje tilgjengeleg i butikken ved salstida sin slutt
- Sal og utlevering av drikk gruppe 1 skal ikkje skje på sundagar og heilagdagar, 1. og 17. mai.

4. Kontroll og inndraging

4.1 Kontroll og inndraging av bevilling

Alkoholova §1-9:

«Kontroll med utøvelsen av kommunal bevilling til skjenking av alkoholholdig drikk, salg av alkoholholdig drikk gruppe 1 og statlig bevilling etter §5-3 første ledd tilligger kommunen. Kontroll med utøvelsen av statlig bevilling etter §§ 5-2 og 5-3 annet ledd tilligger departementet. Bevillingsmyndigheten kan når som helst kreve tilgang til salgs- og skjenkestedets lokaler og regnskaper, herunder kreve å få nødvendige opplysninger om regnskap og drift fra bevillingshaver. Bevillingshaver plikter uten erstatning eller vederlag å utlevere nødvendige vareprøver til bevillingsmyndigheten.»

Skjåk kommune har avtale med eit eksternt selskap for kontroll av sal- og skjenkestadar i kommunen. Det vert gjennomført tre kontrollrundar pr. år pr løyve. Det vert gjennomført kontroll av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve.

Kontrollørane kontrollerer følgjande:

- Sal- og skjenketid

- Aldersgrense – at det ikkje vert seld eller skjenka til mindreårige
- Skjenkestaden sin plikt til å ha tilbod om alkoholsvak og alkoholfri drikk
- At det ikkje vert seld eller skjenka til openbart rusa personar
- Ulovleg reklame
- Tobakkssal
- Internkontroll

Kontrollar kan gå føre seg opne eller anonyme. Etter utført kontroll skal kontrollør alltid presentere seg for ansvarshavande og gje munnleg attendemelding om kontrollen. Kontroll av skjenkestadar skal gjennomførast med minst to kontrollørar til stades.

Skriftleg rapport frå kontrollen skal sendast til sals- eller skjenkestaden med høve for bevillingshavar til å uttale seg jf. Forskrift §9-6. Skjåk kommune mottok rapport frå kvar kontroll.

4.2 Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Dersom det ved kontroll, eller gjennomgang av politirapport, er rapportert alvorlege brot på alkohollova, har kommunen høve til å inndra kommunalt sals- eller skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom. Løyvehavar skal ha høve til å uttale seg før saka vert handsama. Endra syn på alkoholpolitikk i kommunen gjev ikkje grunnlag for inndraging i gjeldande løyveperiode. Her må ein vente til perioden er avslutta og nye føringar har vore til høyring hjå dei partane som vert råka.

Ved brot på alkohollova gjeld forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk jf. kap. 10. Alkoholforskrifta §10-3 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavar sine alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikkar. 12 tildelte prikkar i løpet av to år fører til ein standarreaksjon på inndraging av løyvet i ei veke. Dette er ei obligatorisk ordning, som kommunen er pliktig til å følgje som følgje av forskrifta.

Alkoholforskrifta §10-1:

«Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i §10-2 til §10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskriften eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholloven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholloven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkoholovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.

Alkoholforskrifta §10-2.

Ved overtredelser som nevnt i §10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd. Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende. Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn. Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven §1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

4.3 Prikkssystemet: Alkoholforskrifta §10-3

Følgande lovbrod fører til tildeling av åtte prikkar:

- *sal, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkohollova §1-5 annet ledd*
- *brot på bistandsplikta, jf. §4-1 annet ledd i denne forskrifta*
- *brot på kravet om forsvarleg drift, jf. alkohollova § 3-9 og § 4-7*
- *hindring av kommunal kontroll, jf. alkohollova §1-9*

Følgande lovbrod fører til tildeling av fire prikkar:

- *sal og utlevering til person som er openbart påverka av rusmidlar, jf. §3-1 i denne forskrifta, skjenking til person som er eller må antakast å bli openbart påverka av rusmidlar, jf. §4-2 første ledd i denne forskrifta*
- *brot på sals-, utleverings- og skjenketidsbestemmingane, jf. alkohollova §3-7 og §4-4*
- *skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkohollova § 1-5 første ledd*
- *brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk, jf. alkohollova §1-5 tredje ledd*

Følgande lovbrod fører til tildeling av to prikkar:

- *Dersom det gjevast adgang til lokalet til personar som er openbart påverka av rusmidlar, eller bevillingshavar ikkje sørgjer for at personar som er openbart påverka av rusmidlar forlét staden, jf. §4-1 i denne forskrifta*
- *Dersom det er manglar ved bevillingshavar si internkontroll, jf. alkohollova §1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskrifta*
- *Manglande levering av omsetningsoppgåve innan kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskrifta*
- *Manglande betaling av bevillingsgebyr innan kommunen si frist, jf. kapittel 6 i denne forskrifta*
- *Brot på krav til styrer og vikar for styrar , jf. alkohollova §1-7c*
- *gjenteke narkotikaomsetnad på skjenkestaden, jf. alkohollova §1-8 annet ledd*
- *gjenteke diskriminering, jf. alkohollova §1-8 annet ledd*

Følgande lovbrod fører til tildeling av ein prikk:

- *brot på kravet om alkoholfrie alternativ, jf. §4-6 i denne forskrifta*
- *brot på regler om skjenkemengde, jf. §4-5 i denne forskrifta*
- *konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. §4-4 i denne forskrifta*
- *gjester tek med alkohol ut av lokalet, jf. §4-4 i denne forskrifta*
- *brot på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salsstad, jf. §3-3 i denne forskrifta*
- *brot på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkohollova §3-2 og §4-3*
- *brot på reklameforbodet, jf. alkohollova §9-2, jf. kapittel 14 i denne forskrifta*
- *Andre lovbrod som omfattast av alkohollova §1-8 første ledd, jf. mellom anna: alkohollova §3-1 sjette ledd, §4-1 annet ledd, §8-6, §8-6a, §8-12 og §8-13*

Før formannskap/kommunestyre gjer endeleg vedtak, skal søkjar ha rett til å uttale seg om fakta i saka dersom desse ikkje er kjende for vedkommande på førehand. Kommunen bør iverksette vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato.

4.4 Inndraging av bevilling som ikkje er i bruk

Alkoholforskrifta §10-7.

«en bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året. Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.»

Etter Delegeringsreglementet for Skjåk kommune ligg kontroll av sals- og skjenkeløyve, tildeling av prikkar og inndraging av løyve hos kommunedirektøren. Formannskapet er klageinstans.

4.5 Internkontroll

Alkoholforskrifta kapittel 8 pålegg bevillingshavar plikt til å systematisk kontrollere og dokumentere at lov og forskrift vert følgd. Dette inneber at sals- og skjenkestadane må setje seg inn i alkohollova sine reglar, slik at ein reduserer risiko for brot på lova. Unntak frå internkontroll er ambulerande skjenkeløyve. Bakgrunnen for unntaket er mellom anna at ambulerande skjenkeløyve alltid vert gjeve til slutta lag/selskap.

Bevilling for enkelthøve omfattast av internkontrollplikten, men her har kommunen gjeve ein heimel til å gjere «unntak frå plikta når det vil virke urimeleg mellom anna av omsyn til stadens storleik».

Krav til dokument som må vere samla på ein plass:

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta
- Bevillingsvedtaket
- Kommunale retningslinjer
- Rundskriv
- Dokumentasjon på at styrar og vikar for styrar har teke kunnskapsprøva
- Dokumentasjon på at tilsette har fått opplæring i alkohollova

Krav til rutinar for å sikre at regelverket vert halde:

- Rutine for opplæring av tilsette
- Rutine for å be om legitimasjon i tvilstilfelle
- Rutine for å hindre at mindreårige får skjenka alkohol av andre gjestar
- Rutine for å vise vekk openbart påverka personar, jf. hjelpeplikta
- Rutine for å hindre at det nytast medbrakte rusmidlar i skjenkelokalet
- Rutine for å sikre at sals- og skjenketider vert overhalde
- Rutine for å informere kommunen om endringar i drifta, t.d. skifte av styrar og vikar for styrar eller eigarskifte
- Rutine for innsending av omsetningsoppgåve
- Rutine for innkjøp av alkoholhaldig drikk, og dokumentasjon på dette.
- Rutine for kva ein gjer dersom brot på regelverket oppstår
- Kven som har ansvar for internkontrollen
- Avviksskjema

Kommunen skal føre kontroll med sals- og skjenkestadane sin internkontroll. Kontrollfunksjonen er delegert til kontrollørane.

5. Sals- og skjenkeavgift

5.1 Forskrift §6-1

«Bevillingsgebyr på kommunal salgsbevilling for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og kommunal og statlig bevilling for skjenking av alkoholholdig drikk fastsettes for ett kalenderår om gangen for hver enkelt bevilling på grunnlag av forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk».

5.2 Forskrift §6-2

Gebyret skal betalast etter følgjande satsar pr. 2024 – vert endra årleg ved forskrift.

Sal:

- 0,24 kr pr. liter vare for alkoholholdig drikk i gruppe 1
- 0,69 kr pr. liter vare for alkoholholdig drikk i gruppe 2

Skjenking:

- 0,57 kr pr. liter vare for alkoholholdig drikk i gruppe 1
- 1,49 kr pr. liter vare for alkoholholdig drikk i gruppe 2
- 4,92 kr pr. liter vare for alkoholholdig drikk i gruppe 3.

Bevillingsgebyret utgjer pr. år minimum kr. 1.960 for sal og kr. 6.100 for skjenking.

Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal bli sett lågare. For ambulerande bevilling kan bevillingsmyndigheten krevje eit gebyr på inntil kr. 440 pr. gang.

5.3 Forskrift §6-3

Bevillingsmyndigheten set fristar for bevillingshavars innsending av oppgåve over forventa omsett mengde alkoholholdig drikk og innbetaling av gebyr.

Ved årets utløp skal bevillingshavar sende inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol. Dersom det føreligger eit avvik mellom tidlegare oppgjeve forventa omsetnad og faktisk omsetnad, kan bevillingsmyndigheita gjennomføre ein etterberekning og eit etteroppgjer.

Det vert kvart år stipulert ei årleg avgift etter forventa omsett mengd alkohol. Det vert føreteke etteroppgjer når reelle salsoppgåver ligg føre.

Løyvehavaren skal, innan 20. mars, sende inn oppgåve over alkoholomsetnad for året før, samt oppgåve over forventa omsetning for inneverande år.

5.4 Einskilde høve

Gebyr for skjenking av alkohol ved einskilde høve skal normalt følgje den alminnelege ordninga og reknast ut etter omsette liter vare av dei ulike typane drikk, men ikkje mindre enn minsteavgifta:

- Arrangement 0 - 100 personar kr. 390,-
- Arrangement 101 - 250 personar kr. 780,-
- Arrangement 251 - 500 personar kr. 1170,-
- Arrangement 501 - 1000 personar kr. 1560,-

Kommunen kan foreta etterberekning om det syner seg at tal deltakarar avviker frå det oppgjeve talet.

6. Løyve for sal og skjenking §1-7

«Bevilling for salg og skjenking gis av kommunen med mindre det gis statlig bevilling etter kapittel 5. Før kommunestyret avgjør søknaden, skal det innhentes uttalelse fra sosialtjenesten og politiet. Det kan også innhentes uttalelse fra skatte- og avgiftsmyndighetene. I kommuner som har militær øvingsplass, skal uttalelse innhentes fra vedkommende militære avdeling. Kommunen kan pålegge søkeren å dokumentere de opplysninger som er nødvendige for å kunne ta stilling til om kravene i §§1-7b og 1-7c er oppfylt, herunder ved behov pålegge søkeren å legge frem finansieringsplan, driftsbudsjett og likviditetsbudsjett for virksomheten. Melding om gitte bevillinger sendes politiet og skatte- og avgiftsmyndighetene. Kommunen kan delegere bevillingsmyndigheten til en interkommunal sammenslutning. Avgjørelser fattet av den interkommunale sammenslutningen kan påklages til vertskommunens klageorgan.»

6.1 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve

Søknad om sals- og skjenkeløyve og søknadar om endring i eksisterande løyve skal innehalde følgjande opplysningar:

- Namn og adresse på vedkomande som eig verksemda, samt adresse på staden der verksemda skal drivast.
- Firma og skatteattest.
- Type verksemd.
- Namn og adresse på styrar og vikar for styrar – samt opplysningar om deira tilknytning til verksemda.
- Eigenerklæring/leigekontrakt der det går fram at søkjar har tilgang til lokale der verksemda skal drivast.
- Planteikningar over lokalet sine areal og funksjonar.
- Opplysningar som er naudsynte for å vurdere vandel og det å vere eigna som løyvehavar, eigar og dei som får inntekter eller har slik innflyting som går fram av alkoholova §1-7b.
- Dokumentasjon på bestått kunnskapsprøve og etablerarprøve skal ligge ved søknaden om sal/skjenkeløyve, for styrar og vikar for styrar .
- Små verksemder kan søkje om fritak for kravet om avløyysar.

6.2 Mottak av søknad om generelt løyve

Kommunedirektøren tek imot søknad og vurderer følgjande:

- Uttale frå politiet
- Uttale frå avgiftsmyndigheitene
- Uttale frå Nav
- Dokumentasjon for opplysningar som er naudsynte for å kunne ta stilling til om krava i til løyvehavar, styrar og vikar for styrar, er oppfylt.
- Dokumentasjon om kunnskap om alkohollova og bestemmelsar i medhald av den, for styrar og vikar for styrar .
- Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på avlagt prøve, må styrar og vikar for styrar gjennomføre kunnskapsprøve før saka vert vurdert. Dersom ein ikkje består prøva, kan den takast på nytt. Ein må betale gebyr for kvar gong ein tek prøva. Prøva skal haldast innan 2 månader frå det tidspunkt det er motteke melding om ynskje om å få gjennomføre prøve. Gebyrsum skal følgje forskrift §5-6 til ei kvar tid. Det er ikkje gebyr for slik prøve i Skjåk kommune. Prøva er elektronisk og kan gjennomførast i Servicetorget.

6.3 Vurdering av søknad

Saka skal handsamast etter Alkohol- og ruspolitisk handlingsplan, Lov om omsetning av alkoholholdig drikk samt gjeldande forskrift. I vurderinga skal det skal leggjast vekt på praksis i liknande saker, og eventuelt andre tilhøve som verkar inn på den konkrete saka.

Før kommunestyret/formannskapet gjer endeleg vedtak skal søkjar ha rett til å uttale seg om faktaopplysningane i saka, dersom desse ikkje er kjende på førehand. Uttalefrist i slike saker er sett til 14 dagar, saka vert lagt fram for handsaming når alle fakta er henta inn. Kommunestyret handsamar generelt sals- og skjenkeløyve som omfattar alkoholhaldig drikk for gruppe 1, 2 og 3. Formannskapet har delegert mynde til å handsame sal- og skjenkeløyve i løyveperioden

6.4 Vedtak

Den skjønnsmessige vurderinga må fylle krava til sakleg grunngjeving i framlegg til vedtak. Formannskapet/Kommunestyret har vedtaksmynde med søknadsgrunnlag om alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Melding om vedtak med opplysning om klagerett, jf. §1-16 vert sendt søkjaren. Ved innvilga søknad skal kontrollfunksjonen ha melding.